



Opptaksrutinar for SFO

OPPTAKSRUTINAR FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I SUNNFJORD KOMMUNE



Sunnfjord
kommune





Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod for barn i 1.–4. klasse, og for barn med funksjonshemmingar i 5.–7. klasse. Det skal leggast til rette for leik, kulturaktivitetar og sosial læring med utgangspunkt i barnet sin alder, funksjonsnivå og interesser. Barna skal ha reell innverknad på eigen kvardag innanfor rammene til SFO. SFO skal byggje på skulen sitt verdigrunnlag, kommunale målsetjingar og skulen si pedagogiske plattform. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn (opplæringslova § 13.7). Opplæringslova sitt krav om eleven sin rett til eit godt fysisk, psykisk og sosialt miljø gjeld og for SFO (opplæringslova § 9a).

Skulen sitt ordensreglement gjeld og for elevar på skulefritidsordninga.

1 EIGARTILHØVE

Det administrative ansvaret for skulefritidsordningane er delegert til kommunalsjef for skule. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFOtilbodet ved skulen.

2 SØKNAD

Søknad til skulefritidsordninga skal fyllast ut elektronisk, via *VISMA Flyt Skole*. Link til søknad finn ein på skulen eller på kommunen si heimeside. Du må logge deg inn for å søkje. Du loggar deg inn med ID-porten (MinID, BankID, Buypass, Commfides).

Opptak til skulefritidsordninga finn stad på den einskilde skule, og alle som søker får plass. Opptaksmynde er rektor ved den einskilde skule. Opptaket kan delegerast til dagleg leiar i SFO. Varsel om vedtak vert sendt på e-post, og vedtaket finn du når du loggar inn i *VISMA Flyt Skole*.

Søknadsfrist er sett til 1. april kvart år, for nytt skuleår. Det kan i tillegg søkjast om opptak gjennom heile året, med start den 1. kvar månad når ordninga har kome i gang.

Opptaksperiode er eit år.

SFO startar frå den dagen skulen startar i august til den dagen skulen sluttar til sommarferien.

Tildelt plass gjeld frå det tidspunktet som står i tildelingsbrevet.

3 OPPSEIING OG ENDRING AV PLOSS

Ved oppseiing og endring av plass i skulefritidsordninga nyttar du *VISMA Flyt Skole*. Rektor ved den einskilde skule gjer vedtak om endring av plass. Vedtaksmynde kan delegerast til dagleg leiar i SFO.



Oppseiingsfristen er ein måned. Du må logge deg inn via *VISMA Flyt Skole* for å seie opp plassen. Seier du opp før den 1. i månaden, vil oppseiinga gjelde frå den 1. i påfølgjande måned.

Det er ikkje høve til å sei opp eller redusere tilbodet til barnet etter 1. april.

Ved byte til eit mindre tilbod gjeld òg oppseiingsfristen på ein måned. Ved byte til eit større tilbod kan endring gjelde straks, etter nærare avtale med aktuell skule.

4 KLAGE

Får du avslag på søknaden, kan du klage til kommunen innan ein frist på tre veker frå du tok imot vedtaket. Forklar kva du er misnøgd med og kvifor du meiner at vedtaket bør endrast. Treng du rettleiing, kan du vende deg til den aktuelle skule ved rektor eller dagleg leiar i SFO. Dersom skulen lar vedtaket stå, blir saka sendt vidare til klagenemnda i kommunen, som avgjer om klagen skal takast til følgje.